

## SAMLING REGIONRÅDET/RÅDMANNSUTVALET

**Møtedato:** Torsdag 30.3.2017, kl. 12:00 – Fredag 31.3.2017, kl. 13:00  
**Stad:** Hemsedal, Harahorn

### Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune (31.3)
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

### Desse møtte frå rådmannsutvalet

Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune (31.3)
Ole Johnny Stavn	Hemsedal kommune
Torbjørn Hansen,	Nes kommune

---

### **TEMA FOR DRØFTING:**

#### **Regionalt samarbeid, synspunkt rundt bordet**

Det regionale samarbeidet og samarbeidet regionrådet – rådmannsutvalet vart drøfta.

#### **Strategisk plan for Hallingdal, Byregionprogrammet**

Utkast/modell Strategisk plan for Hallingdal var gjennomgått og drøfta.

#### **Hallingdal barnevernteneste**

Rådmannen i Ål, Tone Tveito Eidnes og ordførar i Nes, Tore Haraldset har i samarbeid med Hallingdal barnevernteneste, følgd opp løysingar med bruk av familieråd, m.a. med læring frå Barneverntjenesten i Kongsberg. Hallingdal barnevernteneste vil i større grad nytte familieråd der dette er føremålstenleg.

#### **Hallingdal sjukestugu, intermediær avdeling**

Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta intermediær avdeling ved HSS.

Vestre Viken HF ved Ringerike Sykehus (RS) har inngått leieavtale med Ål kommune om leige av 1450 m<sup>2</sup> i det nye HSS-bygget på Ål. Leigeareala blir nytta til ei 20 sengers intermediær avdeling og inneheldt 10 sengar til bruk i spesialisthelsetenesta og 10 sengar til primærhelsetenesta i Hallingdalskommunane. Drift av sengene er forankra i Lov om spesialisthelsetjeneste og Lov om kommunehelsetjeneste.

Bruken av dei ti kommunale plassane ved intermediær avdeling (IMA) vil utvikle seg vidare etter kvart som ein får nye erfaringar. Organiseringa av IMA er ny i Norge og det er ingen tilsvarande teneste ein kan hente erfaringar frå. Det vil derfor være nødvendig å utvikle tilbodet med bakgrunn i eigne erfaringar. Den nye sengeavdelinga blir følgd opp frå andre helseforetak, kommunar og sentrale styresmakter. Parallelt med etableringa av ny sengeavdeling er prosjekt med etablering og oppstart av CT skanner slutført. Det er viktig at desse ulike prosjekta finn gode samarbeidsformer. Kommunane i Hallingdal har her eit felles ansvar.

## **Interkommunalt samarbeid**

Interkommunalt samarbeid og styringsutfordringar vart drøfta.

## **Breibandsøknad**

Regionrådet utarbeidar søknad om støtte til breibandsutbygging, søknadsfrist 3.5.2017.  
Alle kommunane legg ut «Høyring - utbygging av breiband» på sine nettsider. Tekst blir  
utforma av dageleg leiar.

Hallingdal 7.4.2017

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar